

HYRDINGEN

NR. 4


September 2014

ÅRGANG 56

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Trusopplæring og stor aktivitet i Vindafjord kyrkjene



Les om «kjærleksstien»
i Sand på side 16!

Sideoversikt

Presten har ordet	2
Redaksjonspennen	3
Opning nytt kyrkjekontor	3
Misjonsjordbær	3
Sommarutstilling ved Imslandssjøen	4
Gudsteneste i Antsirabe.....	5

Auksjon og loppemarknad i Vikedal	5
På vandring i Bedehusland	6
Godnatt-song i Skjold Kyrkje	6
Lundenes-sommaren	7
Familiegudstenesta	7
Trusopplæring - Kva skjer framover?	8
Pengar til trusopplæring	9

Søndagsskulen i Vindafjord!	10
Gospelkonserten i Ølen kulturhus	11
Fellesmøter planlagt i Ølen kyrkje	12
Kyrkjeturdagane - 20 år	12
Gudstenester og møter	14
Torsdagstreffet på busstur	16



Presten har Ordet

Sokneprest Harald Eintveit



I går og i dag den same

Tekst: Hebr. 13, 8

«Navnet Jesus blekner aldri» var lenge ein velbrukt song på bedehuset. I dag er han med rette på plass i Norsk Salmebok (NoS 86). Salmen let seg lett relatera til ordet frå Hebr.-brevet om Jesus som i går og i dag er den same.

Før massemedia utfalda seg i all sin dominans, var det lettare å få folk til å samla seg om Jesus og å pleia den åndelege kontakten med kvarandre i bygdelaget. Likevel er det å seia at tida aldri har stått stille, og utviklinga – uansett kva ho måtte by på av godt og vondt, har aldri stagnert. Nye former på nær sagt alle felt gjer seg gjeldande. Samversformene skifter frå tid til tid, arbeidsmåtane like eins. Det nytta ikke lenger med spett og spade for den som vil ta eit krafttak med å dyrka jorda. Dessutan har den teknologiske utviklinga skjedd så hurtig at dei færraste av oss hadde fantasi til å førestilla seg rapiditeten. Då kan det vera vel verdt å stoppa ved noko som er tidlaust. Ved hovudsaka i alt det omskiftelege!

Jesus seier noko om mennesket, t.d. at det ikkje alltid står så sprekt til med oss. Slyngde han ikkje ut «Ormeyngel!» ein gong (Matt.12,34)? Me treng noko meir enn oss sjølve. Jesus seier vidare noko om livet med andre menneske, t.d. at me skal elskja fiendane våre (Matt.5,44). Trua på han får dessutan noko å seia for tilhovet vårt til skaparverket, som lengtar etter at Guds born skal openberrast i herlegdom (Rom. 8,19). Ja, til og med skapningen sjølv (naturen) skal bli frigjord frå slaveriet under det forgjengelege og få den fridom som Guds born skal eiga i herlegdomen (Rom. 8,21). Nøkkelen til det nye livet og

til fridomsvona er Jesus Kristus (Rom 8,1).

Jesus er i går og i dag den same. Noko står fast og stedig. Jesus endrar seg ikkje. Han er stadig aktuell. Det inneber at Gud ikkje slepper oss.

Det er godt og sunt for mennesket å stø seg til noko som står stedig. Dessutan: Dersom Jesus er den same, er også trua, vona og kjærleiken i relasjon til han av same validitet. Det er verdiar som varer, som står seg i storm og sterke vindkast i livet (Jmfr. 1. Kor. 13,13).

Livet er i endring. Tida går. Grender, bygder og byar endrar seg og sjølve er me i rørsle, for me vert prega av samtida og av dei menneske me er i lag med. Slik sett vert me forma gjennom vår eigen livsprosess. Dersom denne prosessen skal skje i gode hender, må me også formast av han som er i går og i dag den same.

Dette kan sjølv sagt skje på ulike måtar, men me må ha eit felles platå å stå på, noko å semjast om, eit banner å fylka oss under, eit namn å samla oss om.

At Jesu namn vert teke på lippene våre og utprøvd i livet, inneber kort og godt dette: Det eg no går i møte, det møter eg lyfta, boren og støtta av Jesus Kristus. Uansett vanskelege krefter – anten dei kjem frå mitt indre eller dei melder seg frå det ytre, så vil Kristi kraft bera meg. Paulus: «For eg er viss på at verken død eller liv, verken englar eller krefter, verken det som no er eller det som koma skal, eller noka makt, verken det som er i det høge eller i det dype, eller nokon annan skapning, skal kunna skilja oss frå Guds kjærleik i Kristus Jesus, vår Herre.» (Rom 8,38-39). Dette er lovande utsikter trass i omskiftelege tider!

Familiekonsert i Bjoa kyrkje



Søndag 28.09.14 kl. 18.00 vert det konsert i Bjoa kyrkje med songaren Knut Inge Røen. Han har eit variert songrepertoar, blant anna Jim Reeves songar. Kona hans Marit Andresen Røen deltek også. Det blir ikkje teke inngongspengar, men teke opp kollekt til Indremisjonen. Arrangør er Innbjoa bedehus.

Av Steinar Skartland

Det er ufred i verda. Kva er det som får tusenvis av unge menneske til å gå inn i krigshandlingar med mål å skremma andre til å meina det same som dei sjølve? Stadig fleire land og folkegrupper opplever at denne uforståelege vondskapen også råkar dei. Millionar av menneske ser inga anna råd enn å flykta frå alt dei har, for å berge livet.

Her heime i vårt trygge Noreg kan vi velja å slå over på ein annan kanal på fjernsynet når nyhetsmeldingane kjem frå dei krigsherja landa. Vi kan velja mellom sport eller filmar som høver oss betre. Men dei det gjeld kan ikkje skifta kanal. Høyrer du ropa deira om hjelp?

Ei overskrift framme på avisas seier: «*50.000 kan dø av sult i Sør-Sudan*». På TV ser eg våre kjende politikarar viser fram at ketchup er dyrare i Noreg enn i Sverige. Kva er det som er viktig? Vi lever ikkje på ei isolert øy der vi kan stengja ute det vi ikkje likar. Vi har ressursar både til å bry oss om dei som er i vårt land, men også å bry oss om dei som treng hjelp andre stader. Nesten min, som Jesus tala om, er ikkje berre i nabohuset.

Sentralt i kristendommen er kjærleiken til medmenneska. «*Alt de vil at andre skal gje ra mot dykk, skal de også gje ra mot dei. For det er dette lova og profetane seier,*» siterer eg frå Jesus si Bergpreike. Ta fram Bibelen og les denne talen som står i Matteus' ev. kap. 5-7. Her er også oppmodinga: «*Gjev til den som bed deg, og vend ikke ryggen til den som vil låna av deg.*» Ein annan måte å møta livet på.

Det skjer i Ølensvåg 16. oktober kl. 18-20!

Jarle Waldemar kjem og markerer at me i Vindafjord er i gong med trusopplæringa. Det vert eit spennande og inspirerande opplegg for born og vaksne. Sett av datoene allereie no - meir informasjon kjem seinare.

Damenes aften!

På Kyrkjetur i Ølen onsdag 01.10. kl. 19.30. Tema: "Berre vere.. Nær Gud" v/ Anne Kristin Bruns. Song/musikk. God mat.



Ordførar Ole Johan Vierdal (t.v) og sokneprest Harald Eintveit

Av Bjørg Gunn Opsal

Høgtideleg markering då sokneprest Harald Eintveit kunne ta i bruk sitt nye prestekontor i Vikedal.

Fredag 6. juni vart det nye Vikedal kyrkjekontor innvigd i det blå bygget der den tidlegare barnehagen til kommunen låg. Presten og ordføraren kunne samanstå for opninga ute i det fri.

Arrangementet tok til med at soknepresten yngste velkommen og opna med å sei at det hadde vore ein lang og komplisert veg fram til denne dagen. -Men nå er kontoret ferdig og eg er veldig fornøgd, sa Eintveit. -Det er blitt eit brukandes kontor.

Ordførar Ole Johan Vierdal var til stades med kjede rundt halsen. Han føretok

den offisielle opninga med snorklippling. Vierdal sa at han var glad for at soknepresten var nøgd med kontoret, og yngste han lykke til. Deretter song dei frammøtte saman salmen: Se universets Herre. Kyrkjeverje Inghart Lasse Tveit kom med helsing og spanderte kaker. Elles var det også helsingar frå formennene i sokneråda for Imsland, Vikedal og Sandeid. Tidligare ordførar Signy Rønnevik kom også med helsing og hadde med seg sjokolade til soknepresten.

Olagutane, med dirigent Ola Vikedal, sette ein ekstra spiss på arrangementet med flott korsong. Dei song 4 songar før folket kunne gå inn i bygget der det blei servert kaffi, rundstykke og kaker. Dei som ville kunne gå rundt og sjå på det nye kontoret.



Misjonsjordbær

Solveig saman med mora Kari Meling, plukka jordbær Kari dyrkar i Vats. Alle pengane som kom inn, går til prosjektet. Takk til alle som har kjøpt.

Av Torunn Jönsson

Vats kyrkjelyd har, som mange veit, Lovsangshjemmet i Bangkok, Thailand som sitt misjonsprosjekt. Solveig Meling Johannessen har, saman med familien sin, arbeidet sitt knytt til dette prosjektet. Dei var ein tur i Norge i sommar, og besøkte mellom anna Solveig

sine foreldre som bur i Vats.

Dei som var på gudsteneste i Vatskyrka 20. juli, fekk høyrja henne fortelja om arbeidet.

Gjennom det borna og ungdommane frå slummen lærer på Lovsangshjemmet, blir dei betre rusta til å takla utfordringar dei møter både nå og seinare i livet.

Sommarutstilling ved Imslandsjøen

Av Theodor Imsland

I tre helger i juli har det vore måleriutstilling i bedehuset ved Imslandsjøen. Målaren Olaug Bjelland Jacobsen tok i vinter kontakt med soknerådet som har ansvar for Imsland bedehus. I høvet at ho fyllte 70 år i år, kunne ho tenkja seg å ha ei måleriutstilling i bygda der ho vaks opp som barn. Ho lurtar på om det var mogeleg med ei sals-utstilling i bedehuset. Heile inn tekta frå salet ville ho gi til eit kyrkjeleg formål i bygda. Formålet kunne soknerådet foreslå. Sjølv sagt takka soknerådet ja til dette flotte tilbodet.

Så i andre veka i juli kom Olaug med 20 måleri som vi pakka ut og stilte ut i bedehuset. Nokre større måleri hengde vi opp der det før var bilete med religiøse motiv. Men dei to eldste biletene av

Jesus fekk vi ikkje lov å byta ut. Hovudpersonen måtte vera tilstades, meinte Olaug.

Fredag 11. juli vart utstillinga opna med godt oppmøte. Publikum fekk servert kanapear og sjampanje (alkoholfri) i høge glas som det sørmer seg på opning av ei kunstutstilling. Olaug Bjelland Jacobsen fortalte om si interesse og lyst til å måla, som ho alltid hadde hatt, og takka mann og familie for at ho hadde fått lov å bruka så mykje tid på målinga si. Ho tykte kyrkjer og menighetar alltid kom sist på dei offentlege budsjetta, og ville difor bidra på sin måte.

På opninga underheldt også søskena Ingebrigitt Bjelland og Bjørg (Bjelland) Tårland med trekspelmusikk og song, og det vart også allsong og ein liten ønskekonsert på trekspelmusikk.

Utstillinga var open nokre timer fredag, laurdag og søndag i tre helger. Dei fleste måleria hadde motiv frå Imsland og spesielt frå den idylliske Imslandsjøen. Tydeleg felt dette i smak hos fastbuande og feirefolk. Og då utstillinga vart avslutta 27. juli, hadde vi selt 16 akrylmåleri og akvareller og 60 - 70 trykte plakatar av hennar måleri.

Det er eit fantastisk resultat. Og soknerådet vil endå ein gong takka Olaug for denne fine gåva, og takkar også alle som bidrog til gåva ved å kjøpa desse kunstverka.



Ingebrigitt Bjelland og Bjørg Tårland som bidrog med musikk og song på opninga.



Olaug Bjelland Jacobsen med eit av måleria sine

Olaug Bjelland Jacobsen er født i Imsland i 1944. Foreldra hennar var Oluf og Inger Bjelland.

Han var lærar og klokkar i Imsland frå før 1930, og Inger var organist i Imsland i 40 år. Ho var også organist i Vikedal i lengre tid.

Rundt 1950 flytta familien til Sauda kor han var lærar og skulestyrar. Men dei beheldt huset sitt i Imsland, og heile familien har framleis sterkt tilknytning til bygda.

Olaug valde også læraryrket og bur nå på Flaktveit nord for bergen. Ho er sjølvlært målar som har hatt flire utstillingar og ho har hatt stand på Etnemarknaden. Ho målar ein god del på bestilling etter foto, og har også illustrert bøker og blad.

Vellukka auksjon og loppemarknad

Av Tone Skipevåg Andreassen

Den årlege auksjonen og loppemarknaden i Vikedal vart arrangert laurdag 2.august. Det er soknerådet og arbeidsgruppa for nytt kyrkjelydshus som står som arrangør.

Målet for arbeidet vårt er å byggje nytt kyrkjelydshus i nærleiken av kyrkja. Sjølv bygget er eit prosjekt som ligg nokre år fram, men å finansiere kjøp av tomta me har fått lovnad om, er eit svært viktig mål. Denne laurdagen møtte folk i hopetal. Før marknaden opna stod folk i kø for å komme inn i lokalet for å gjøre eit godt kjøp. Borda bugna av ulike gjenstandar, alt frå barneleikar, kjøkkenutstyr og krystall til møblar og bøker. Her var noko for einkvar smak.

Auksjonarius dette året var tidlegare sokneprest Bjarne Hjelvik. Gjenstand etter gjenstand gjekk under hammaren. Susen gjekk gjennom folkemengda då det eine bodet etter det andre skaut prisen i veret på ein del av gjenstandane. Gode kjøp for nokre vart god underhaldning for andre. Store og små kosa seg med kaffi og kaker på "loppekafeen". Gruppa "Syng og spel" stod for det musikalske og gav arrangementet ei fin ramme.

Me vil nytte høvet til å takke alle som gav, alle som kjøpte og alle friviljuge som gjorde at denne dagen vart svært vellukka! Me fekk inn totalt kr 42.000. Me vil og rette ei stor takk til Svein Krokedal for lån av laggingsplass i det gamle kommunehuset og til HIM for støtte til annonsering. Me reknar med at loppemarknaden er på programmet neste år også.



"Syng og spel" gav arrangementet ei fin musikalsk ramme.



Av Jens Tveit

Det er snart eitt år sidan me var på Madagaskar no. - Ei av dei store opplevingane me fekk med oss på turen var gudstenesta i Antsirabe. Den var så mektig at det mest ikkje er ein einaste dag utan at tankane er innom.

Klokka 5 søndag morgen vart me vekte av klokkeringing frå to kyrkjer. Så ljoma det klokkespeltonar frå den Anglikanske kyrkja eit heilt stykke borte - «Han er min song og min glede» - Herlege tonar å møta dagen med!

Me gjekk forbi ei diger katolsk kyrkje, og framme ved den Ev. Luth. kyrkja måtte me venta før me slapp inn til gudstenesta kl. 10.00. Søndagskulen som tok til kl. 08.00 måtte først bli ferdig, og 5-600 born hadde då vore samla i forskjellige grupper på galeria og nede i kyrkja. – Ein stor del av desse borna slo lag med foreldra og gjekk inn att til gudstenesta.

2000 sitjeplassar. Så godt som alle dei 2000 sitjeplassane var fylte av festkledde folk då gudstenesta tok til. Det var jo gudsteneste, og dermed var dei pynta til fest og glede! – Ei oppleving var det å kunna fylgja med i liturgien utan å forstå språket, for det var same liturgien me hadde her i landet til for nokre år sidan. Mange av salmemelodiene var og kjende, og ein del salmetekstar var omsette frå norsk, så me kunne synge med (Skriftspråk og uttale var nokså likt).

Forbønshandling. Litt framand, men høgtideleg og vedunderleg vakker, var

forbønshandlinga som var del av gudstenesta. Om lag 20 innvigde «diakonar» (mest kvinner – og alle med minst 2 år «bibelskule») i kvite kapper stilte opp langs midtgongen og på sidene. Dei hadde pute med der dei som ynskte forbøn knelte. Det var lange køar av folk som det vart bede for – også born.

Ofringa var imponerande Alle i kyrkja gjekk fram til altaret og la gåvene i korger der. Kyrkjevertane passa på orden og system. Dei på bakarste benk gjekk først, og så rekke etter rekke opp midtgongen og tilbake langs sidene. Borna hadde og nokre myntar og fekk læra å vera med å gi! (Kanskje noko å ta opp i våre kyrkjer?)



Salmesongen var gripande. Eg hadde gledd meg til å få høyra gassisk salmesong, men det me fekk oppleva overgjekk all forventning. Folket levde seg inn i det dei song med full jubel, 3 og 4 stemt! Dei veksla med over og undertonar

i eit vedunderleg brus. Det var godt orgel i kyrkja, men det vart så godt som overdøyvd. – Eg tenkte med meg sjølv «Dette er det vedunderlegaste eg har opplevd, nærmast overjordisk, og det må vel vera nummeret før det himmelske koret?»

Fleire gudstenester. Då me gjekk ut av kyrkja var det nokre som undra seg over at det mest ikkje var gamle folk på gudstenesta. - Svaret var: Dei gamle var på den første gudstenesta kl. 6.00! (Dei står opp når det lysnar kl. 5.00). Men, der er òg ny gudsteneste kl. 13.00!

Jubel og glede var det som prega gudstenesta, og nokre sa til oss: «Takk for at de (det norske misjonsfolk) kom med evangeliet om Jesus til oss!

Vats pensjonistlag - På vandring i Bedehusland

Av Arne Borgemyr

Finnøy er kjent som storprodusent av tomater. Men mange forbinde Finnøy med turane som Ryfylke Livsgnist AS arrangerer der ein får oppleve eit møte med kyrkje- og bedehuskultur servert med varme, humor og kunnskap. I mai arrangerte Vats pensjonistlag med Kjellaug Eike som turleiar, og om lag 40 godt vaksne dro av garde med Knaphus Buss.

Deltakarane kom både fra Vats, Skjold, Ølen og Ølensvåg. Det var god stemning i bussen via Arsvågen og tunnellen over til Finnøy der me vart møtt av Tor Øyvind Skeiseid og Arne Nordbø. Desse to leia oss gjennom eit variert og kjekt program.

Me starta i bedehuset Bethel på Judaberg. Her fekk me høre om bedehuslivet i Ryfylke bakover i tid. På galleriet var det også sett opp ei utstilling med bilet og foto over bedehushistoria. Dei to guidane våre er også humoristar, og Arne framførte godlynte parodiar på basarar og bedehusmøte. Her vanka også kaffi, kake - og tomatsyltetøy!

Næringsliv på øya

I turprogrammet var det lagt inn eit besøk på Lauvsnes gartneri som har 15



Trygve Sandvik



Hesby kyrkje.
Kjelde: kunsthistorie.com

mål tomatar under glas og ein produksjon på opptil 500 tonn i året. Dei leverer mellom anna Juanita-tomatatar heile året. Sjå etter Juanita-merket på tomatpakka neste gang du handlar tomatar.

Me fekk også ei interessant omvising hos sølvsmeden Folke Helle. Dei har spesialisert seg på bunadssølv, men lagar også smykke og gåveartiklar. Nokre av turdeltakarane let seg freiste til å kjøpe sølv i butikkutsalet her.

Kyrkja

Eit høgdepunkt på turen var omvising i Hesby kyrkje. Kyrkja er frå midten av 1200-talet, og Tor Øyvind Skeiseid kunne fortelje mykje og levande om kyrkja og livet her i tidlegare tider.

Gamlepresten Trygve Sandvik var med på turen, og me fekk «fanga» han på talarstolen i kyrkja.

Middag på Utsyn

Ut på dagen køyrdet me inn på tunet til leirstaden Utsyn som Misjonssambandet driv. Her fekk me servert ein god gryterett. Og servitørane var - Tor Øyvind Skeiseid og Arne Nordbø!

Etter ein vellukka tur med gode opplevingar var det godt å kome heim igjen i kveldinga.

Godnatt-song i Skjold Kyrkje

Av Gunnar Listog

Torsdag 18. september kl. 18.00 håpar me mange foreldre saman med pysj-kledde småborn vil ha godnattstunda si i kyrkja. Då vil nemleg Ingelinn Strømme Sivertsen koma i kyrkja og syngja kjende og kanskje mindre kjende godnattsongar, fortelje litt om sine godnattstunderfaringar og kanskje og fortelje frå boka ho har laga, som nettopp heiter «God Natt»

Hausten 2011 var Ingelinn i kyrkja i Skjold for å presentere Godnattsong-cd-en ho har laga saman med Godnatt-boka. Dette vart ei fin stund for litt for få som var til stades. No ynskjer kulturutvalet i



kyrkja saman med trusopplæringsutvalet i kommunen å fylla kyrkja med pysj-kledde småborn og meir eller mindre pysjkledde foreldre til ei inspirerande og innhaldsrik godnattsongstund.

Stunda før dei små sovnar, skal vera ei godstund både for små og store. Då

treng me inspirasjon og idear om kva ei slik stund skal innehalde. Denne kvelden kan den vesle sogne til orda og tonane til «Blåmann, Blåmann», «Fola, fola Blakken», «Trollemors voggesong» eller «Kjære Gud». Eller kanskje det er under godnattforteljinga augeloka vert for tunge!

Me vonar mange småbarnsforeldre i heile kommunen, ja, frå andre stader og, finn vegen til Skjold kyrkje denne kvelden.

Konserten er gratis, men det vil vera høve til å kjøpa med seg Godnatt-boka og CD-plata.

Kulturutvalet og trusopplæringsutvalet håper dette ver ei god og slumrande stund for store og små. Velkomne!

Familie-gudstenesta for heile kommunen

Lundenes-sommaren

Godt vaksne på leir!

Aslaug Staurland fra Imsland og Ester Lerdal fra Sandeid likte seg på Lundeneset

Av Arne Borgemyr

Sommar er leirtid. Også på Lundeneset. Etter at skuleåret var slutt var det klart for den årlege samlinga «Vi over 60». I starten på juli var vel 110 deltakarar og leiarar samla fra onsdag til søndag til sosialt samvær, kristne møte og misjonssamlingar, utflukt til Arquebus krigshistorisk museum og ikkje minst: Gå til duk og dekka bord!

Det er sørvest region av Misjonssambandet i samarbeid med Lundeneset som arrangerer leiren. Hovudtalarar i år var tidlegare misjonær og misjonsleiar Gunnar Oseng og forkynnar, songar og biletkunstnar Odd Dubland.



Odd Dubland spela mest på piano, men her tok han fram fiolinien.

Deltakarane

Dei fleste påmelde kom frå Rogaland og Hordaland. I Rogaland var det mange frå Jæren og Ryfylke, og i Hordaland hadde Bergen og omland ein god kontingent. Det var også deltakarar frå Oslo og andre fylke. På ein misjonskveld vart alle noverande og tidlegare misjonærar inviterte til plattforma, og det var ein overraskande stor flokk på over 20 personar. Mange av desse har tilknyting til Etiopia.

Nokre deltakarar var ganske «kortreiste». Frå Sandeid kom Ester Lærdal og frå Imsland Aslaug Staurland. Desse to heldt ilag, og me spurte dei om kvifor dei kom på leiren. - Lundeneset er alltid

ein herleg stad å vere, og det er passe nært for meg som er eldre, seier Ester som ikkje er med på at det er for kort å reise dei få kilometrane frå Sandeid til Ølensvåg på ferie.



Me spør kvifor dei kom på «Vi over 60», og Aslaug svarar først: - Eg ønskjer å oppleve fellesskapet. Godt å vere her. Det er 3. året eg no. Tidlegare har det ikkje høvd for meg, men no når mannen min er på sjukeheimen, kan eg lettare kome frå. Ester heldt fram: - Det er godt å møte fellesskapet med andre kristne. Her treffer me og blir kjende med andre. Det er og herleg å vere på møta, bibel-timar, song og musikk. Me får åndeleg føde, avsluttar Ester, og Aslaug er samd.

Dei to framhevar også at maten smaker godt, og dei gler seg til kvart måltid. Dei vil gjerne kome att, og anbefaler leiren for andre. Dei meiner dette er eit bra opplegg, og dei har ikkje noko tips om endringar!

Utflykt til Arquebus museum

Den eine ettermiddagen drog om lag halvparten av deltakarane på busstur til Arquebus i Førresfjorden. Me fekk sjå mange gjenstandar frå krigen og okkupasjonsmakta, noko dei eldste har sterke minne frå.

God trivsel

Ei undersøking syner at det var veldig god trivsel på leiren. I alt gav deltakarane nærare 50.000 kronar i kollekt til misjonen og Lundeneset i løpet av leiren.

Av Theodor Imsland

Imsland kyrkje kunne også i år vera vert for ei felles familiegudsteneste for heile kommunen, på Kristi himmelfartsdag.

Omlag 75 personar møtte til denne tradisjonelle fellesgudstenesta i Imsland 29. mai. Sokneprest Harald Eintveit forretta og kantor var Juri Kotkovitch. I gudstenesta var det musikalsk innslag ved Gunhild Skeie, Lydia Haugan og Julie Andreassen.

Då gudstenesta var over kunne folket kosa seg i godvêret med matøkt og grilling i stranda medan ”Saudasprett” underheldt på trekkspel og toradar. Etter matøkta kåserte Tomas Finnvik på bedehuset om Imsland i ”1814”.



Harald Eintveit, Jolaug Sæle Kaldheim, Harald Hundseid, Oddvar og Åse Haugland, Norun Marie Eintveit



Tomas Finnvik



Trusopplæring - Kva skjer framover?

Av Britt Karstensen

Me ynskjer å markera at Vindafjord no er med i den statlege satsinga. I haust vert det difor invitert til to felles arrangement for alle vindafjordingar. Først ut er konsertopplegget "God Natt" i Skjold kyrkje med Ingelinn Strømme 18. september. Dette er retta inn mot små born i lag med vaksne. Deretter kjem Jarle Waldemar og skal ha ei storsamling på Lundeneset vgs 16.oktober. I tillegg til å invitere alle born m/fam er tanken at klubbar og lag kan leggje dette inn i haustprogrammet sitt og ta turen som gruppe. Meir info om desse to arrangementa finn du andre stadar i Hyrdingen.

I løpet at dei neste par åra kjem det til å bli utarbeida punktvise tiltak til alle aldersgrupper frå 0-18 i regi av kyrkja. Dette er i tillegg til alt det flotte kontinuerlege arbeidet som skjer i klubbar og lag, kor og foreiningar rundt om i bygdeiene allereie. Me treng begge deler for å gi eit heilheitleg tilbod til alle og håpar på mykje godt samarbeid på kryss og tvers i kommunen vår i åra som kjem.

Desse tiltaka har me allereie fått i gang:
0-1 år: "Babysong", 4 kurs i året. Oppstart for haustkursa er 2/9 i Ølen og 11/9 i Skjold. Alle kursa er opne for alle vindafjordingar. Kontakt helsestasjon el. kyrkjekontor for meir info. (haust, vinter, vår)
2-3 år: "Krøllekveld", Utprøving av nyt-

tiltak i enkelte kyrkjelydar. Samlingar med forteljing, song, leik og måltid.

4 år: "Heime i kyrkja mi", Laurdags-samling for å bli kjend i kyrkja og søndagsgudsteneste med utdeling av bok. (haust) *Nokre plassar samarbeid med søndagsskule/kor.*

6/7 år (1. klasse): Dåpsskulen "Den store skattejakta". 4 samlingar med fokus på å finne skattar i kyrkja, Bibelen og seg sjølv + tilhøyrande gudsteneste med bønevandring og utdeling av diplom og bok. (jan-mars)

10/11 år (5. klasse): "Lys Vaken" - adventsnatt i kyrkja. Samlingar, mat, aktivitetar + nokre plassar overnatting. (natt til 1.søndag i advent).

- Utdeling av Bibel i gudsteneste (vinter)
- Vinterleir der ein får bli betre kjend med Bibelen sin og ha det kjekt med 5.klassingar frå andre bygder. (jan/feb)
Nokre plassar samarbeid med NMS

14/15 år (9. klasse): Konfirmasjonsførebuing med samlingar, leir, aktivitetar, gudstenester og konfirmasjon. *Nokre plassar samarbeid med ACTA og NLM*

14-18 år: Ungdomsgudstenester i samarbeid med Lundeneset (vår og haust)

Kyrkjelydane vil gjerne ha innspel frå alle og ein kvar om kva ein ynskjer av tilbod vidare. Planarbeidet er i gang og alle gode idear mottas med takk!

Korleis finn du ut meir?

Me sender ut invitasjonar i posten til alle born i den aldersgruppa det gjeld eit par veker på førehånd. Me kan derimot

berre sende til dei som står i medlemsregisteret vårt, og her er det av og til litt kroll og seine oppdateringar. Alle born i Vindafjord er uansett hjartelig velkomne på tiltaka, uavhengig av medlemskap i kyrkja. Om de ikkje får brev men ynskjer å være med, så kontakt eit av kyrkjekontora eller kateket Britt direkte.

- Det vert annonser og plakatar ved store fellesarrangement
- Brosjyrar for Babysong finn du på helsestasjonen og kyrkjekontora
- Me arbeider med å utarbeide ei nettside og håper å få denne i gang i løpet av hausten. Me håpar også på å få ut ei brosjyre som blir sendt til dei aktuelle aldersgruppene.
- Ta gjerne kontakt direkte med ein av dei tilsette om du vil vite meir eller lurer på noko (kontaktinfo framme i Hyrdingen).

Korleis kan du engasjere deg som voksen?

For å kunne nå ut vidt og breitt og få til gode og likeverdige tilbod i alle bygder treng me å stå saman og løfte i lag. Her er mange ulike oppgåver til deg som tenkjer at dette er viktig. Me treng både sjåførar, nattevaktar, bollebakarar, undervisarar, formingsentusiastar, forbendarar, leikeorganisatorar, datanerdar, musikarar, turgåarar og mange fleire. Ta kontakt med soknerådet eller direkte med kateket Britt så skal me finne ei oppgåve som du kan trivast med. Ingen ting er for lite – ingenting er for stort!

Løft for trusopplæring

Av: Kari Vik Stuhaug
Leiar Felles utval for trusopplæring

Frå 1. juli kom Vindafjord med i ordninga med statlege midlar til trusopplæring, og får kr 631 000 pr. år (pr 2014). Me kan tilsetje personell i 100 % stilling i tillegg til kateket Britt si ”gamle” 50 % stilling.

Midlane blir i prinsippet tildelt til kvart sokn ut frå talet på døpte barn under 18 som bur i soknet. Me har undersøkt litt korleis dette blir handtert andre stader. Sokneråda har i løpet av våren hatt felles møte og drøftingar, og har kome fram til at dei ønskjer at midlane går inn i ein felles pott som fellesrådet forvaltar etter nærmare avtale. Det er fellesrådet som har arbeidsgjevaransvaret for stillingar som blir oppretta.

Alle sokna skal sjå at det blir gjennomført konkrete tiltak som kjem deira born til gode. Ut frå talet på døpte har bispedømmerådet tildelt midlane til dei tre tenesteområda slik:

Skjold (Skjold, Vats og Vikebygd: kr 268 000 (43 %), Ølen (Ølen og Bjoa): kr 198 000 (31 %), Vikedal (Vikedal, Sandeid og Imsland): 164 000 (26 %).

Fordelinga vil også vise igjen i bruken av stillingsressursar. Samtidig ønskjer sokneråda at det skal vera eit likeverdig tilbod til alle døpte born i kommunen.

Sokneråda har også sagt seg villige til å halde fram med innsamlingsarbeid og gjevarteneste, men i mindre format enn tidlegare.

Frivillige og tilsette

Me ønskjer at trusopplæringa skal skje i eit samarbeid mellom frivillige og tilsette. Me trur at det er lettare for frivillige å ta på seg konkrete og avgrensma oppgåver når tilsette held i trådane. Dei tilsette skal også vere direkte involvert i gjennomføring av tiltak.

Kateket Britt Karstensen har auka si



stilling til 70 % og held fram med det. Utlysing av 80 % stilling i vår gav ikkje resultat, men me prøver igjen i august, og håpar på ei god løysing. Sokneråda har sagt at dei ønskjer robuste stillingsstørleikar, men er også villige til å tilsetje i mindre stillingar dersom det må til for å fylle stillinga. Det er framleis att innsamla midlar frå tidlegare, og me vil difor engasjere personar på timebasis for å fylle nokre oppgåver. Det vil særleg gjelde tiltak som skal gå på omrent same tid i alle bygdene, slik som skattejakt/dåpsskulen for førsteklassingane. Det er også behov for administrative ressursar til arbeidet.

Tilbod og kvalitet for alle årstrinn

Målet er at tilboda til barn og unge skal styrke deira gudstru, medverke til kristen livsmeistring og utfordre til engasjement i kyrkje og samfunnsliv.

Trusopplæringa skal bygge på Den norske Kyrkja sin plan. Alle årstrinn skal ha eit tilbod – frå 0 til 17 år, som gjer at barn som deltek i alt skal ha fått 315 timer opplæring. Opplæringa skal

vera systematisk og samanhengande i innhald og oppbygging. Den skal vera heilskapleg og ha eit visst omfang. Og den skal vera for alle døpte og avspegle det mangfaldet som det inneber.

I Vindafjord vil me halde fram med det gode samarbeidet som er gjort dei siste åra, slik at gode tiltak kan bli overført mellom ulike bygder. Modellen for korleis det skal sjå ut vil bli utvikla i løpet av dei første åra, fram til dei lokale planane skal sendast til godkjenning av biskopen om to år. Førebelser ser me for oss at nokre tiltak blir gjennomført i alle bygder, kanskje særleg der sjølve kyrkjebygget er sentralt i opplegget. Andre tiltak kan gjennomførast med eit felles tilbod for bygdene i same tenesteområdet, medan ein tredje kategori vil vera tiltak som inviterer barn og kanskje særleg ungdom frå heile Vindafjord.

Sjølv om me har ein god start med det arbeidet som allereie er gjort, står det mykje att! Me ønskjer at det skal vera kvalitet på tilboda, slik at barn og unge får med seg gode erfaringar i møte med kyrkja og kristen tru og praksis.



Søndagsskulen i Vindafjord!



Av: Kjersti H. Bjerga

Skulane har byrja, og fritida vert fyllt av ulike aktivitetar som startar opp. Det gjer og søndagsskulane i kommune vår. I mange av bygdene har søndagsskulen ein annan aktivitetsdag enn søndagen. Like fullt ut er visjonen den same: Jesus til borna. I år er tema: «På skattejakt i Bibelen».

Nokre stader er det frå 4 år og oppover, til dei går over til å vera hjelpeleiarar og ta medansvar. Andre stader er det meir ei og ei aldersgruppe aktiviteten er retta mot. Song, forteljingar frå Bibelen, bønn, leik, hobbyaktivitet, spel og mykje anna opptek ungane den tida dei er på deira søndagsskule. Gode leiarar som gjennom fleire år har vore opptekne av at ungane må få vita kven Jesus er, kva Han har gjort og kan gjera for oss alle, planlegg i desse dagar program for hausten. I tillegg er søndagsskulane knytta til Søndagskolen Norge; Karmsund-Sunnhordland krins. Krinsen har ein tilsett. Det er Elisabeth Fauskanger som er søndagsskulekonsulent. Ho lagar bl.a.

til inspirasjonssamlingar nå i starten av eit semester slik at leiarane kan få motivasjon, råd og tips, og treffa andre leiarar i sin kommune.

På nettsida kan ein lesa meir om arbeidet: www.sondagsskolen.no

I tillegg er det eit krinsstyret, som er til for søndagsskulane. I styret er det mange som veit korleis det er å vera leiar i søndagsskule eller anna kristent barnearbeid. Gjennom arbeidet i krinsstyret får dei innsikt i variasjonane og mulighetene i hele krinsen. Det er eit spennende arbeid og det er eit kjekt styre å vera med i. Krinsstyret bryr seg om leiarane og dei ber for søndagsskulane. Vindafjord har god tradisjon for å vera representert i styret. Nå er krinsleiar Else Gurine Stople (bildet), og bur i Skjold.

Her viser ei oversikt på søndagsskulane i kommunen. Sjå på annonsering andre stader i Hyrdingen på kva tid din skule startar opp, eller ta kontakt med den som står oppført under nærmeste søndagsskule for å få vita kva tid det er søndagsskule for borna eller borneborna dine. Kjenner du at du vil hjelpa til på

ein av søndagsskulane, er du hjerteleg velkommen til å ta kontakt då og! Husk at forbønn er ei viktig hjelp for søndagsskulen, og de gjer godt for den som er leiar om han eller ho får vita at du ber for dei.

Onsdagsklubben

5583 VIKEDAL

Kontaktperson:

Lillian Irene

Berget Eikeland

Skjold

søndagsskole

5574 SKJOLD

Kontaktperson:

Else Gurine

Alne Stople



Else Gurine Stople

Vats søndagsskule

5576 ØVRE VATS

Kontaktperson: Synnøve W. Stødle

Vikebygd

søndagsskule/laurdagsklubb

5568 VIKEBYGD

Kontaktperson: Kjersti Hausberg Bjerga

Ølensvåg søndagsskole

5582 ØLENSVÅG

Kontaktperson: Solveig Brekke Hetland

Skjold, Vats og Vikebygd

Sjelesorgkurs: Ta vare på deg sjølv

Av: Jon Ådnøy

Kurs i å skjøna meir av seg sjølv? Jo, det er det sokneråda i Vats, Skjold og Vikebygd inviterer til i haust. Tre torsdagskveldar kjem Aud Vihovde Hoftun og Gjermund Lygre frå Normisjon for å køyra oppleget «Ta vare på deg sjølv og andre. Innføring i sentrale sjelesørgeriske emne».

- Kurset dreier seg mykje om å oppdaga viktige spor i eige liv. Det me blir bevisste om, kan me ofte gjera noko med.

Det me ikkje er bevisste om, gjer noko med oss. Med større forståing av korleis me sjølv er, blir me betre i stand til å ta vare på kvarandre, seier Aud Vihovde Hoftun. Ho har vidareutdanning i sjelesorg, og har halde tilsvarande kurs fleire stader i distriktet.

Ho understrekar at kurset er for kven som helst.

- Mange fleire enn dei som går regelmessig til kyrkje eller bedehus har eit forhold til dette med tru. Å prøva å finna

ut kva det går ut på, på godt og vondt, er tema, fortel Vihovde Hoftun.

Det tre kurskveldane har kvar sine tema: Trushistorie, Gudsatile, Identitet. Kveldane vekslar mellom undervisning, refleksjon, og samtale i grupper og plenum. Det er påmelding til kurset (Skjold kyrkjekontor), med frist 2. oktober. Brosjyre om kurset ligg i dei tre kyrkjene.

Kurskveldane er 23. og 30. oktober, og 13. november, alle i Skjold kyrkje.

Gospellørðagar Feedbackhuset i Ølen

Anne Lise Brekke Lien startar Gospellgruppe på laurdagar, på Feedbackhuset i Ølen. Alle frå heile kommunen og gjerne andre stader må gjerne delta.

Informasjon om dette finn du både på facebook og på web-sida: anne-lise-brekke.net

Øvingar for alle aldrar desse lørda-

gne kl. 15.00-18.00 på Feedbackhuset i Ølen: 27. sept.; 25. okt.; 29. nov.; 27. des. Nyttårskonsert i januar 2005.

DU er GULL verdt!



Gospelkonserten i Ølen kulturhus

Gospelprosjektet som Anne Lise Brekke Lien og Lene Bjerga starta, har halde på sidan nyttår. Store og små fra Vikebygd, Bjoa, Ølensvåg, Ølen, Vikedal og Hogganvik har møtt jamt og trutt til øvingar for å vera klar konserten søndag 15. juni. Koret og publikum skuffa ikkje på konsertdagen.

-Bedrifter har vore positive og hjelpsame for å få gospelprosjekt og konsert vel i hamn, fortel Anne Lise. -Det ordna seg både med annonsering og det meir praktiske som mat i pausen på generalprøven som pølser i brød sponsa av Partner Catering. Basaren på Bjoa helleshus i slutten av mars gjorde at koret kunne tilby to timars GRATIS-konsert!

Programmet gjekk for det meste på skinner, med proff hjelp av lydmann Jan Henry Grindheim. Timen med barne-song-repertoar før pausen blei gjennomført med stor songglede, av barnestemmer frå Vikebygd, Bjoa, Ølensvåg og Vikedal. Lene Bjerga akkompagnerte dei fleste songane i konserten flott på gitar og Anne Lise hadde dirigentrolla.

Konserten byrja med ein song laga av Anne Lise Brekke Lien: «Kom i ringen», til flott komp av Hans Borg. Songen fekk fram kor viktig det er å inkludera alle og at alle kan delta som dei er. Dette var

også hovudbodskapen i konserten. Den fysiske ringen med barna innerst og dei vaksne i halvsirkelen bak skulle få fram at ringen er open. Alle kan ta sin plass, spesielt i Guds ring. Vaksne skal passa ekstra på å halda ringen open for alle og ikkje minst passa på at borna blir inkluderte i det gode fellesskapet.

Ein annan song som var med både i start og til slutt, var «Du løfter meg opp» (av Arnold Børud). Songen fekk fram den glade bodskapen på ein frisk og folkeleg måte.

I det neste innslaget var alle med å song og viste begeistring over at Jesus lever i dag! Både med dans i ring og song. Solist var Hellen frå Vikebygd. Vidare var det gode barnesongar som «Du er du og du duger», «Du er gull verdt», og «Liten men god som gull». Camilla, Annelen, Julianne, Julie, Vilde og Hellen frå Vikebygd gjorde ein god jobb med solistrollar i fleire av songane.

-Det er godt og trygt for barna åtru på ein kjærlig frelsar også i 2014, seier Anne Lise. -Evangeliet går aldri ut på dato. Men er like kraftfullt i dag. Siste song i 1. avdeling var den friske «Jippi jai jai» melodien, der hovudbodskapen er at **Jesus er vegen, sannheten oglivet**. Ein tekst Anne Lise hadde forfatta. Dermed gjekk vegen ut til pause med gratis druer og juice til alle.

Etter pausen vart det ein time med gode gamle og kjente negro spirutals songar som: «Happy day», «Joy joy joy in my heart», «Put your hand in the hand», «Down by the riverside» m.fl.

Det blei høg song med faktor. Både kor og publikum song og klappa med, spesielt når: «When the saints go marching in», kom på repertoaret. Før himmelsongane blei framført blei det også tent lys og et minutt stillhet for å minnast ei av kordeltakarane som tok farvel nokre veker før me kom til konserten. Slik blei songen «Soon and very soon», ei sanning for henne, så mykje før ho og oss som er igjen hadde tenkt.

Tre av Anne Lise sine eigne songar blei framført mot slutten. Desse evangeliske songane skulle få fram vår frie vilje og konsekvensane av det, samt å vera eit bilete på evangeliet som ein stor flott pakke for oss menneske som det berre er å ta imot! Heilt til slutt i konserten fekk alle små og store kordeltakar «gull-medaljar» der inskripsjonen var: **DU er GULL verdt**. Medaljane var sponsa av Ølen betong. Anne Lise B Lien ser at det er behov for å ha eit gospelkor i Vindafjord og tar initiativ til dette.

(Skreve av redaktøren etter tekst mottatt frå Anne Lise B Lien)

«Ønsker å dele evangeliet med folk i Ølensområdet»

Fellesmøter planlagt i Ølen kyrkje

Av Arne Borgemyr

Åtte forsamlingar, sokneråd og lag frå Bjoa, Ølensvåg og Ølen innbyr i perioden 28. oktober – 9. november til fellesmøter i Ølen kyrkje. Leder i planleggingskomiteen, Arne Voll, kan opplyse at Magne Birkedal og Per Tveten er engasjert som talere. Begge er forkynnere i Misjonssambandet.

Mål og forventninger

Arne Voll sier at det er et ønske å nå lenger ut med det kristne budskapet enn til de som til vanlig er trofast i kirke og bedehus. Det er mange i Vindafjord som går rundt med ein barnetro, men som ikke kjenner Jesus som den han virkelig er; en frelsesom tar imot alle som vil komme til Han. Vi vil sende ut programhefte til mange husstander, og håper at mange i forsamlingsene våre vil invitere med seg en eller flere de kjenner til møtene. Det blir sang og musikk på møtene, og selvsagt kaffeservering.

Vi har stilt talarane disse spørsmålene i forbindelse med fellesmøtene:

1. Hvilke forventninger har du til møteserien i Ølen?

Tveten: Jeg har alltid en stor forventning til at Guds Ord skal få nå oss, og gjøre noe med oss. Og er alltid spent på om vi kan få dele evangeliet med noen som vanligvis ikke går i kirke og bedehus.

Birkedal: Jeg håper og ber om at vi må få møte JESUS selv under disse møtene! Det er faktisk mulig.



Per Tveten frå Bamle, sangevangelist (t.v.). Magne Birkedal, forkynder frå Stavanger.

2. Hva vil være viktig for deg å få fram i på møtene?

Tveten: En sentral Jesus-fokynnelse. Hvem Jesus er, hva han har gjort. Og hva han vil være for deg.

Birkedal: At Jesus er en levende, virkelig frelsesom tar imot alle som vil komme til Han. Vi vil sende ut programhefte til mange husstander, og håper at mange i forsamlingsene våre vil invitere med seg en eller flere de kjenner til møtene. Det blir sang og musikk på møtene, og selvsagt kaffeservering.

3. Hvilke forventninger har du til kristenfolket i perioden fram til møteaksjonen?

Tveten: Jeg vil få ønske alle velkommen. Til deg som ber til Gud, vil jeg oppmunstre til å være med i bønn for møtene. Og vær bevisst på: Det er alltid de lokale på plassen som når folket, og har kontaktflaten. Fint om du vil være med å be folk

med på møtene.

Birkedal: Jeg håper at kristenfolket ber for møtene, deltar på dem og inviterer andre med!

4. Noe mer på hjertet?

Birkedal: Vi er avhengige av Den Hellige Ånd. At vi får komme inn i Jesu nærvær, og erfare både kraften, varmen og alvoret i Guds levende, livgivende Ord.

Kyrkjetundagane: 20 år sidan dei starta!

Av Arne Borgemyr

Kyrkjetundagane 2014 går av stabelen helga 20. - 21. september. Då blir det jubilumskake kan primus motor i alle år, Olav Granberg, fortelje.

Dette er den tjuande samlinga med loppemarknad, auksjon og sal ulike matvarer på laurdagen. Her er nærmare 100 friviljuge i sving, og saman med eit lotteri gir det over 100.000 kroner årleg til drifta av Kyrkjetunet i Ølen. Arrangementet laurdagen har i alle år vore lagt til Ølen vidaregåande skule. På søndagen er det deltaking i Gudstenesta og komlemiddag på Kyrkjetunet.

Det er blitt tradisjon at biletkunstnarar har salsutstilling. I år er det dei lokale kunstnarane Aud Sigrid Flesland frå Etne og Rigmor Vik frå Skjold som stiller ut.



Auksjon på kyrkjetundagane

Kyrkjetunet tar imot lopper og auksjonsvarer som før. Ta kontakt med Harald Heggen, tlf 917 61 637 eller Lars Dalen, tlf 982 86 826

ANNONSER OG KUNNGJERINGER

Velkommen til
Lundeneset

Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg.
Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon,
Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.
HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

LES MER PÅ [LVS.NO](#)

 Vi er en del av   Vi er en del av  

Knaphus 
Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10

Knaphus 
Dekk & Bilverksted
5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

SpareBank 
SR-BANK

joker

Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net

"60+ TREFF" I SKJOLD KYRKJE HAUSTEN 2014: Skjold soknerad ved diakoniutvalet ønskjer velkommen til uformelle, sosiale samvær i kyrkjelydsalen 3 torsdagar til hausten: 25.sept, 23.okt og 27.nov. kl.14.00 – kl.16.00. Her blir prat med kaffi og litt attåt. Sjå plakatar.

Vats - HAUSTMARKNAD m/ loppesal og auksjon laurd 27. sept kl 11.00 på Vats skule (auksjonen ca kl 13.00). I tillegg til lopper vert det sal av fine heimelaga ting, nysteikte potatkaker m.m. Kafe. Lykkehjul. Hugs kontanter! **Velkommen til ein koseleg laurdag!** Har du lopper, ta kontakt med: Karin Koltveit 994 45 694 eller Yngve Stødle 996 19 427. Arr.: Foreininga for nytt bedehus/soknehus

Vats pensjonistlag har møte siste tirsdag i mnd. Kl 17:00-19:30. Me held til i kjellerstova på Vindafjordhallen. Ord for dagen, kåseri, trekspillmusikk og sang,m m. Mat og kaffi. Alle er hjertelig velkommen.


VATS SØNDAGSSKULE – HAUSTEN 2014

Sønd 31. aug	Barnas kyrkjestund – gudstenesta
Torsd 18. sep	Søndagsskulebasar kl 18 Kårhus bedehus
Sønd 19. okt	Søndagsskule på Vindafjordtunet kl 11
Sønd 30. nov	Barnas kyrkjestund – gudstenesta
Laurd 6. des	Adventssamling/juleverkstad kl 12

BEDEHUSA I VATS (onsdagar)

10. sept	Blikrabygda	Den indre sjø
17. sept	Kårhus	Normisjon

GRAVSTEIN



Se vår store
utstilling, eller ring
og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30

Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.



Olen Blomster

Tlf. 53 76 88 35 • www.olensenter.no



Primærtjenesten Bjoa AS

Rep. av jordbruksredskap
og mek. verksted

TLF. 53 76 97 61

Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

24. sept	Øvre Vats	Samemisjonen
25. okt	Blikrabygda	NMS
26. okt	Kårhus	Muslimmisjonen
15. okt	Øvre Vats	NLM
16. okt	Blikrabygda	NLM
17.-ut veka	Kårhus	NLM - vidare ut veka

Bønnemøte på Blikrabygda bedehus 1. torsdag i månaden

ØVRE VATS BEDEHUS

11. sept. Bedehusbasar. 24. sept møte Samemisjonen. 15. okt møte NLM. 21. okt Innsamling av klede og sko til Ukraina (Open Heart). 23. okt møte Halvard Hasseløy (Open Heart). 5. nov møte Indre Sjømannsmisjon. 26. nov møte Muslimmisjonen

KÅRHUS BEDEHUS

17. sept onsdagsmøte Normisjon. 18. sept Søndagsskulebasar kl 18:00. 8. okt onsdagssmøte Muslimmisjonen. 17. okt Bedehusbasar kl 19:00. 29. okt - ut veka Misjonssambandet

"VI OVER 30"

Laurdag 18.oktober på Kårhus bedehus.

Det heile startar kl.19:00 - og me kan garantere: Sang, musikk og andakt ved OLA OHM. God mat, både salt og sött.(Pga maten må me ha **påmeldingsfrist 10.10.14** til Randi Krakk **47715582**). Åresal m/ gevinstar. GOD STEMNING! Alt dette får du for kr 200,- + loddpenningar. Overskuddet går til NYTT BEDEHUS i Vats.

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Gudstenesundag	Vikedal prestegjeld	Skjold prestegjeld	Ølen prestegjeld
7. september 13. s. i treeiningstida Matt 25,14-30	Sandeid kyrkje kl. 11.00 Familiegudsteneste Presentasjon av konfirmantane Takkoffer: Konfirmantarbeidet Kyrkjekaffi	Skjold kyrkje kl. 11.00 Present. av konfirmantane 50-års konfirmantane Takkoffer: Barne & ungd.arb. i Skjold Vikebygd kyrkje kl. 17.00 Present. av konfirmantane 50 – års konfirmantane Takkoffer	Bjoa kyrkje kl. 17.00 Fam. gudsteneste Konfirmantpresentasjon Bibel til 4-åringane Takkoffer: Trusopplæring Vindafjord.
14. september Vingardssøndag 14. s. i treeiningstida Matt 20,1-16	Vikedal kyrkje kl. 11.00 Familiegudsteneste Dåp.Takkoffer: Trusopplæringa Utd. av MI KYRKJEBOK	Vats kyrkje kl. 17.00 Nattverd Takkoffer: Normisjon	Ølen kyrkje kl. 11.00 Høgmesse. Dåp og nattverd. Takkoffer til kyrkjelydarbeidet.
21. september 15. s. i treeiningstida Matt 5,38-48	Imsland kyrkje kl. 11.00 Familiegudsteneste Utd. av MI KYRKJEBOK Takkoffer:	Skjold kyrkje kl. 17.00 G – 17 gudsteneste Dåp – 4 – års bok Barnekoret - Nattverd Takkoffer: Søndagssk.krinsen	Ølen kyrkje kl. 11.00 Høgmesse. Dåp og nattverd. 50 og 60-årskonfirmantane. Takkoffer
28. september 16. s. i treeiningstida Mark 7,31-37	Sandeid kyrkje kl. 11.00 Hausttakkegudsteneste Gullkonfirmantane Takkoffer: Sambolabo Gullkonfirmantfest Sandeid samfh.	Vats kyrkje kl. 11.00 Hausttakkefest 4 – års bok Barnekoret Takkoffer: Sambolabo	Ølen kyrkje kl. 19.00 Misjonsgudsteneste. Tema» Skapt til å dele». KM-karane. Nattverd. Takkoffer til NMS
5. oktober 17. s. i treeiningstida Joh 11, 17-46	Vikedal kyrkje kl. 16.00 Hausttakkegudsteneste Takkoffer: Landsbyprosjekt Ifanadiana, Madagaskar Gjestepredikant Roar Vik	Skjold kyrkje kl. 11.00 Hausttakkefest Takkoffer: Sambolabo	Bjoa kyrkje kl. 11.00 Høgmesse. Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelyds-arbeidet.
12. oktober 18. s. i treeiningstida Matt 8, 14-17	Imsland kyrkje kl. 16.00 Hausttakkegudsteneste Takkoffer: NMS Gjestepredikant Roar Vik	Vats kyrkje kl. 11.00 Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarb Vikebygd kyrkje kl. 17.00 Takkoffer.	Ølen kyrkje kl. 11.00 Høgmesse. Dåp og nattverd. Takkoffer til Israelsmisjonen
19. oktober 19. s. i treeiningstida Gal 5,16-26	Sandeid kyrkje kl. 11.00 Familiegudsteneste Takkoffer: Utd. av MI KYRKJEBOK	Skjold kyrkje kl. 17.00 G – 17 gudsteneste Nattverd Takkoffer: Kirkens Nødhjelp	Ølen kyrkje (Sjå tidspunkt seinare). Sprell levande gudst. Bibel til 4-åringane Takkoffer: TV-aksjon Kirkens Nødhjelp
26. oktober Bots-og bønedag Luk 13,22-30	Vikedal kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste Takkoffer Norsk Gideon.	Vats kyrkje kl. 11.00 Takkoffer: Sjømannskirken	Ølen kyrkje kl. 19.00 Høgmesse. Nattverd Takkoffer:»Åpne dører»
1. november Lørdag			Ølen kyrkje kl. 16.00 Minnegudsteneste Takkoffer: Diakoniarbeidet i kyrkjelyden.

INNBJOA BEDEHUS

BARNEKORET 4 år og oppover Bjoa barnekor starta opp onsdag 3.sept kl. 17:00-18:00 Innbjoa bedehus.	MINI-CREDO 2.-4.kl Tirsdag KL.17.30-19.00 14.10.14 28.10.14	CREDO *) 5.-8.kl Fredag KL. 17:30-19:00 12.09.14 26.09.14 Filmkveld 03.10.14 Haugesund 17.10.14 31.10.14 Filmkveld	BØNNEMØTE Onsdag KL. 18:15 17.09.14 01.10.14 15.10.14	FORMIDDAGS-TREFF Fredag KL. 10:30-12:00. 19.09.14 24.10.14	ONSDAGSMØTE Onsdag KL. 19.30 10.09.14 Møte m/Gideon 24.09.14 08.10.14 22.10.14 Songkveld
--	--	--	--	--	---

*) Credo er på Bjoa skule. Filmkveldane er på Innbjoa bedehus



“Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast” (Hebr. 10,25)

MØTER OG KUNNGJERINGER

BEDEHUSA I SKJOLD

(Tysdagar)
9. sept Ersland NMS Misjonsselsk.
16. sept Austrheim Samemisjonen
23. sept Isvik Samemisjonen
30. sept Ersland NLM Misjonssamb.
7. okt Austrheim Indre Sjømannsmisj.
14. okt Isvik Flymisjonen
21. okt Ersland Israelmisj. - Basar
28. okt Austrheim Kr. Muslimmisjon

Speidarane i Kyrkja på torsdagane.

Feedback på Huset i Ølen fredagskveldane.

UNGDOMSKLUBBEN I BEDEHUSKJELLAREN I VIKEDAL

Torsdagar 5.-7.klasse kl. 18.00-20.00: 18.september, 2.oktober, 16.oktober, 6.november, 20.november, 4.desember

Fredagar 8.klasse og oppover kl. 19.00-23.00: 19.september, 3.oktober, 17.oktober, 7.november, 21.november, 5.desember

MISJONSGUDSTENESTE ØLEN KYRKJE

Vi har lang tradisjon for å ha ei misjonsgudssteneste på hausten i Ølen i samarbeid med Det norske Misjonsselskap. Dette året blir det ei kveldsgudsteneste søndag 28.09 kl. 19:00. Vi har lagt det opp som ei temagudsteneste «Skapt for å dele». Dette var temaet for GF/Sommarfesten til Det norske Misjonsselskap i sommar på Ekebergsløttet i Oslo. Temaet talar om det sentrale i Bibelens bodskap om misjon. Forkynnar Roar Vik blir med denne kvelden frå Det norske Misjonsselskap og der blir som ved KM-karane frå Etne.

BASAR

Nedre Vats Helselag har basar på Kårhus bedehus Fredag 26. september kl. 19:00. Alle hjarteleg velkomne

NEDRE VATS HELSELAG

Demensaksjonen 2014. Bøssinnsamling i veke 38. Ta vel i mot oss.

MØTEPLAN VÅGEN BEDEHUS

Laurd 6. sept	Søndagsskuletur til Kongeparken
Sund 7. sept	Sundagsmøte kl.11:00
Onsd 10. sept	Bønnemøte kl.19:30
Sund 14. sept	Sundagsmøte kl.19:30 Tale: Sveinung Andersen
Onsd 17. sept	Bønnemøte kl.19:30
Sund 21. sept	Sundagsskule kl.11:00
Sund 21. sept	Sundagskaffi kl.16:00
Onsd 24. sept	Bønnemøte kl.19:30. Ekstraord. årsmøte kl.20:00
Sund 28. sept	Sundagsmøte kl.19:30
Onsd 1. okt	Kveldsmøte kl.19:30. Tale: Olav Eikemo v/IMS
Sund 5. okt	Sundagsmøte kl.11:00 Tale: Elisabeth Mattingdal
Onsd 8. okt	Bønnemøte kl.19:30
Sund 12. okt	Sundagsmøte kl.19:30. Tale: Georg Mork
Onsd 15. okt	Basar v/ Enig og tro Kvinneforening NLM
Torsd 16. okt	Møte m/Jarle Waldemar
Fred 17.-sun 19. okt	Møtehelg IMS (Samskipnaden)
Sund 19. okt	Sundagsskulen kl. 11:00
Onsd 22. okt	Bønnemøte kl. 19:30
Sund 26. okt	Sundagskaffi kl. 16:00

VIKEBYGD BEDEHUS

11. september	Møte, Orientmisj., B.gjengen syng
26. september	Basar, Normisjon. kl. 19:00
9. oktober	Møte, Samskipnaden
23. oktober	Gladsong

FRÅ KYRKJEBOKA

VIKEDAL

Døpte:

15.06. Knut Ur Antonsen
20.07. Ida Maria og Jonas Ørnes

Vigde:

26.07. Monica Reimers og
Ernst Harald Holten Leifsen
09.08. Linda Andersen og
John Sigve Matre

Døde:

01.06. Berge Andreas Ræstad f. 1943

IMSLAND

Døpte:

29.05. Odin Imsland

Døde:

14.07. Bjarne Leo Staurland f. 1930

SANDEID

Døpte:

22.06. Viktor Langeland Nyheim
22.06. Mie Helgevold
10.08. Olve Moe Vestbø
10.08. Emil Søndenå Hundseid

Vigde:

31.05. Veronica Vårvik og Remi
Stephan Torgersen
21.06. Sølv Bøygard Holthe og Ole
Marthin Owe

Døde:

21.05. Tora Cecilie Hustvedt f. 1922
27.06. Kari Olava Økland f. 1922

SKJOLD

Døpte:

07.06. Katrine Dagsland
07.06. John Arne Dagsland

22.06. Ida Susort Hansen

22.06. Ella Kristine Vik-Ziemak

Vigde:

07.06. Marianne Dagsland og
Kai Rune Dagsland.

Døde:

20.05. Gjert Emil Fjeldheim f. 1926

10.06. Egil Severin Eikevik f. 1947

19.06. Bjørn Leonard Skjold f.1943

17.07. Astrid Østrem f.1931

15.08. Laurits Frøyland f. 1924

VATS

Døpte:

15.06. Sina Skjold

Vigde:

31.05. May Hilde Nesheim og
Roger Dale.

28.06. Marie Frøyland og

Robert Nordtveit

19.07. Anita Krakk og Jan Ove Gjil

Døde:

12.05. Omil Lars Eikanes f. 1918

12.06. Jenny Alise Dale f. 1921

ØLEN

Døpte:

22.06. Magnus Kvalvågnes

22.06. Vilde Sandvik Landa

22.06. Magnus Nedrelid

22.06. John Olav Osaland

22.06. Max Waage Vaka

Døde:

21.05. Torvald Mildar Haugland f. 1935

08.06. Svein Arnestad f. 1930

13.06. Marit Granberg f. 1955

13.06. Gjertrud Emelie Lothe f. 1924

31.07. Bjarne Kron Lie f. 1926

16.08. Henning Hagerupsen f. 1919

Vigde:

31.05. Iselin Klungland og Joakim Løvåsvåg Gilje

14.06. Gry Malin Måge og Bjarte Steinnes

14.06. Kari Granberg og Tor Arne Lund

28.06. Lene Eikesdal Vågen og Stian Vågen

BJOA

Døpte:

03.08. Jozef Kristoffersen Golias

Døde:

28.07. Magnhild Konstanse Haugef. 1915

VIKEBYGD

Døpte:

08.06. Egil Nesse Jacobsen

08.06. Tomine Høviskeland Halvorsen

Døde:

11.05. Laura Tørressen f. 1933

21.05. Anna Maria Bjørnevikt f. 1940

25.06. Johanna Karina Gausvik f. 1927

Bladpenger og støtte til Hyrdingen, bruk konto: 3201.53.18049

Torsdagstreffet

Kjekk busstur til Suldal



Kvar torsdag føremiddag samlast 30-40 godt vaksne til sosialt samvær med mat, song og Ord for dagen på Kyrkjetunet i Ølen i regi av soknerådet si diakoninemnd. Som avslutning på semesteret er det blitt tradisjon å ta ein tur i distriktet. I juni gjekk turen til Suldal, og vel 30 var med.

Av Arne Borgemyr

Det var god stemning i bussen då reiseleiaen, Gunvor Feed, kunne ønskje alle velkommen til tur. Målet for turen var Suldal – og meir konkret – til Kvilldal. Sjåføren var Ola Sukka, og han var og ein framifrå guide då me kom over fjorden frå Ropeid.

Ingen tur utan mat! Reiseleiar hadde bestilt middag på det gamle hotellet ved ferjekaia. Så bar det innover mot Suldalsosen og Kvilldal.

Ei kjærleikshistorie

Med på turen var Johannes og Ruth Løvdahl. Han er snart 95 år og frisk og rask. Han vart utfordra til å fortelje om noko som vart avgjerande for livet hans på Sand under krigen. Han var eigentleg lærar på Solborg i Stavanger, men tyskarane tok over skulen, som etter kvart vart flytt til Sand. Johannes fylgde med. Rektor ved skulen og kona hans trong hjelp i huset, og dit kom ei ung, fin jente. Me lar Johannes sjølv fortelje. - Då vart det tent ein eld. Den vinteren hadde me vår kjærleiksvandring opp bakken til folkehøgskulen og tilbake igjen. Det var ein fin kveldstur. Det første Johannes husker om Ruth, var ein gul cape ho hadde på seg då ho skulle ut å handle ein regnversdag. Året etter gifta dei to seg. - No har det vart i snart 65 år, avsluttar Johannes til stor applaus frå alle i bussen!

Kaffi og pannekaker i Kvilldal

Sjåføren Ola manøvrerte bussen på smale vegar innover til Suldalsosen og til Kvilldal mens han fortalte om det me såg. I Kvilldal vart vi tatt imot av kona Solveig. Ho og mannen tar imot grupper og fortel om bygda og garden i gamal tid. Dette var verkeleg interessant. Og til slutt fekk me servering med kaffi og nylaga pannekaker!

Kvilldal er ei lita bygd, og for mange år sidan vart skulen flytta til Suldalsosen. Solveig fortalte at då yngste bror til Ola skulle ta til på skulen i Osen, vart han spurt om ikkje det skulle bli kjekt. – Å nei, sa han, det er farleg å kome til Osen, der er bare røvarar og bandittar!

Kvilldal er kjent for den store kraftstasjonen som kom i drift frå 1981. Etter ein kort tur oppom anlegget, bar det på heimveg. Ola kunne elles fortelje at dei no førebur seg på ein ny anleggsperiode i bygda. Arbeidet med å legge ein straumkabel frå kraftverket og ut til sjøen – og vidare til England - skal starte neste år.

Ord for dagen

Som vanleg vart dagen avslutta med eit Ord for dagen. Me vart minna om bibelordet frå Salme 31,16: *Mine tider er i di hand.* Sagt på ein annan måte: Mi fortid, nåtid og framtid er i Guds hand. Ei god helsing til oss alle ved starten av ferien!

Møt 4 på tur

Me tok ein liten prat med 4 utvalde på turen etter at dei hadde fått seg ein god middag på det gamle hotellet på Sand.



Birgit Dalaker bur i Ølen. Ho fortel at ho har gått på torsdagstreff i fleire år. Ho synest det er kjekt og sosialt å vere ute på tur. Til dagleg bur ho aleine i eit kjekt lite hus, og ho har barna rundt seg. Me våger å spørje om alderen, og ho fortel at ho nett fylde 85 år.



Ekteparet Lars og Birgit Alvseike var og med på tur. Han kjem frå Øvre Vats og ho frå Ølen, men dei har budd i Skånevik i om lag 50 år. Det var arbeidet hans som førte dei dit. No har dei busett seg i Ølen. I 47 år var han busssjåfør ut frå Skånevik til Ølen og Sandeid. Han køyrrer eigen bil enno, men denne dagen gler han seg over å kunne sitje og sjå ut av bussvindauge og nyte naturen. Kona fortel at ho alltid har likt å dra på tur. Ho seier det er kjekt å møtast på Torsdagstreff på Kyrkjetunet.



Det vart også ein prat med Margrethe Opheim. Målet røper at ho kjem frå Bergen sjølv om ho no har budd 64 år i Ølen - nær Fatland slakteri. Ein skulle ikkje tru at ho går i sitt nittiande år. Ho seier at ho set stor pris på Torsdagstreffa, og ho meiner at ho har vore på alle møta sidan starten!